

# TILSYNS- RAPPORT

2021

## Vedtak om betinga akkreditering av fagskoleutdanning

Tradisjonsysting ved Fagskulen i Sogn og  
Fjordane Avd. Førde



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen – er et faglig uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUTs samfunnsoppdrag, oppgaver og faglige uavhengighet er definert i universitets- og høyskoleloven og er nærmere spesifisert i forskrifter. I tillegg utfører NOKUT tilsyns- og forvaltningsoppgaver etter delegasjon fra departementet.



Formålet med NOKUTs virksomhet er å sikre og fremme kvalitet i utdanning ved

- å føre tilsyn med, informere om og bidra til å utvikle kvaliteten på norske utdanninger og institusjoner
- å godkjenne og informere om utenlandsk utdanning og informere om mulighetene for godkjenning av utenlandsk utdanning og kompetanse i Norge



NOKUTs arbeid skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten i norsk høyere utdanning, høyere yrkesfaglig utdanning og godkjent høyere utenlandsk utdanning.



NOKUT bruker rundt 900 eksterne eksperter i akkrediteringer, tilsyn, evalueringer, godkjenning av utenlandsk utdanning og prosjekter.

Du kan lese mer om arbeidet vårt på [nokut.no](http://nokut.no).



NOKUT er sertifisert som miljøfyrtårn

|                                     |                                                                               |
|-------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Institusjon</b>                  | Fagskulen i Sogn og Fjordane, organisasjonsnummer 974571129                   |
| <b>Fagskoleutdanninga sitt namn</b> | Tradisjonsysting                                                              |
| <b>Utdanningsform</b>               | Nettbasert med samlingar                                                      |
| <b>Sakkunnige</b>                   | Olga Gjerald, Béatrice Vromant-Berg, Thea Tuset, Gunnar Eriksen, Arne Brenden |
| <b>Dato for vedtak</b>              | 2. juli 2021                                                                  |
| <b>NOKUT sitt saksnummer</b>        | 21/01807                                                                      |

# Innhald

|                                                              |           |
|--------------------------------------------------------------|-----------|
| Kva søknaden gjeld.....                                      | 5         |
| <b>1 Vedtak.....</b>                                         | <b>7</b>  |
| <b>2 Gjennomgang av krava for fagskoleutdanning.....</b>     | <b>9</b>  |
| 2.1 Namnet til utdanninga.....                               | 9         |
| 2.2 Faginnhaldet og strukturen til utdanninga .....          | 9         |
| 2.3 Samarbeid med aktørar i yrkesfeltet .....                | 11        |
| 2.4 Overordna læringsutbyteskildring.....                    | 11        |
| 2.5 Omfang og nivå.....                                      | 12        |
| 2.6 Internasjonale standardar, konvensjonar og avtalar ..... | 13        |
| 2.7 Opptakskrav .....                                        | 13        |
| 2.8 Politiattest.....                                        | 14        |
| 2.9 Skikkavurdering .....                                    | 15        |
| 2.10 Fagmiljø og sensorar .....                              | 15        |
| <b>3 Vedlegg 1: Læringsutbyteskildringar .....</b>           | <b>21</b> |
| <b>4 Vedlegg 2: Sakkunnige .....</b>                         | <b>22</b> |

## Kva søknaden gjeld

Fagskulen i Sogn og Fjordane Avd. Førde søkte NOKUT til søknadsfristen 10. februar 2021 om akkreditering av *Tradisjonsysting* som fagskuleutdanning.

Utdanninga er

- 60 studiepoeng
- nettbasert med samlingar

Den stadbaserte undervisninga vil finne stad på følgjande studiestad:

- Sogn Jord- og Hagebruksskule
- Trondheim Fagskule

# Innhald

|                                                              |           |
|--------------------------------------------------------------|-----------|
| Kva søknaden gjeld.....                                      | 5         |
| <b>1 Vedtak .....</b>                                        | <b>7</b>  |
| <b>2 Gjennomgang av krava for fagskoleutdanning .....</b>    | <b>9</b>  |
| 2.1 Namnet til utdanninga .....                              | 9         |
| 2.2 Faginnhaldet og strukturen til utdanninga .....          | 9         |
| 2.3 Samarbeid med aktørar i yrkesfeltet .....                | 11        |
| 2.4 Overordna læringsutbyteskildring.....                    | 11        |
| 2.5 Omfang og nivå.....                                      | 12        |
| 2.6 Internasjonale standardar, konvensjonar og avtalar ..... | 13        |
| 2.7 Opptakskrav .....                                        | 13        |
| 2.8 Politiattest.....                                        | 14        |
| 2.9 Skikkavurdering .....                                    | 15        |
| 2.10 Fagmiljø og sensorar .....                              | 15        |
| <b>3 Vedlegg 1: Læringsutbyteskildringar .....</b>           | <b>21</b> |
| <b>4 Vedlegg 2: Sakkunnige .....</b>                         | <b>22</b> |

# 1 Vedtak

Dei faglege krava for å akkreditere *Tradisjonsysting*, 60 studiepoeng nettbasert undervisning (med samlingar), ved Fagskulen i Sogn og Fjordane Avd. Førde er oppfylt på følgjande vilkår:

- At de gjev utdanninga eit namn som er dekkjande for innhaldet i utdanninga, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-1 tredje avsnitt bokstav a.
- At de sørgjer for at den utdanningsfaglege ansvarlege oppfyller dei krava de sjølve har fastsett til kompetansen til vedkomande, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-3 andre avsnitt bokstav b og § 2-3 tredje avsnitt.

De må sende dokumentasjon til NOKUT på at de har utført endringa om å gi utdanninga eit namn som er dekkjande for utdanninga. Utdanninga kan ikkje starte opp før de har sendt denne dokumentasjonen og sidan har fått tilbakemelding frå NOKUT på at vilkåret om å endre namn er oppfylt. Fristen for å sende dokumentasjonen er seinast tre år etter datoen for vedtaket.

I kapittel 2 har vi grunngjeve vedtaket.

Vi har gjort vedtaket med heimel i

- lov om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskoleloven) § 5
- forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning (fagskoleforskriften) § 47

Vedtaket gjeld utdanninga som er skildra i søknaden som NOKUT mottok til søknadsfristen 10. februar 2021.

Vedtaket gjeld for følgjande studiestadar:

- Sogn Jord- og Hagebruksskule
- Trondheim Fagskole

## De kan klage på vedtaket

De kan klage på dette enkeltvedtaket til oss. Klagefristen er tre veker etter at de har motteke vedtaket. Klagen skal nemne vedtaket de klagar på, og dei endringane de ynskjer i vedtaket. Vi tilrår at de grunngjev klagen.

De kan ikkje klage på vurderingar vi har gjort av det faglege innhaldet i utdanningstilbodet. Det de kan klage på er:

- sakshandsamingsfeil, altså at NOKUT ikkje har gjennomført sakshandsamingsprosessen på lovleg høve
- rettsanvendingsfeil, altså at NOKUT har brukt feil del av regelverket, eller brukt regelverket feil
- feil faktum, altså at NOKUT har lagt til grunn feil faktagrunnlag for vurderinga
- maktmisbruk
- urettmessig skilnadshandsaming

Dersom vi opprettheld vedtaket trass i klagen, vidaresender vi klagen til klagenemnda for vedtak gjort av NOKUT. Klagenemnda gjer endeleg vedtak. De har rett til innsyn i dokumenta i saka.

Reglane om klage gjeng fram av forvaltningslova:

- Klagerett på enkeltvedtak – § 28
- Klagefrist – § 29
- Innhaldet i klagen og kven den skal rettast til – § 32
- Klageinstans – §§ 32 og 33
- Klageinstansens vedtak er endeleg – § 28
- Retten til innsyn i dokumenta i saka – § 18.

Forhaldet mellom NOKUT sitt vedtak og forvaltningslova, og at de ikkje kan klage på faglege vurderingar, går fram av *fagskoleforskriften* § 55.

Sjå òg informasjon om NOKUT si klagenemnd i *studiekvalitetsforskriften* kapittel 7.

### **De må starte opp utdanninga innan tre år**

Akkrediteringa er gyldig frå vedtaksdatoen. De må starte opp utdanninga innan tre år frå vedtaksdatoen. Om de ikkje har starta opp utdanninga innan tre år, vil akkrediteringa falle bort, jf. *fagskoleforskriften* § 52.

### **De må melde frå om nokon typar endringar i den akkrediterte utdanninga**

*Fagskoletilsynsforskriften* § 5-1 listar opp endringar som er meldepliktige. Om de vil gjere meldepliktige endringar i den akkrediterte utdanninga, må de melde frå til NOKUT før de gjennomfører endringa. NOKUT vurderer om endringane gjer det naudsynt å søke om ny akkreditering.

### **De kan velje om de vil tilby utdanninga på heiltid eller deltid**

Viss utdanninga er akkreditert som heiltidsutdanning, kan de òg tilby ho som deltidsutdanning utan å melde frå til NOKUT. På same måten kan de tilby ei akkreditert deltidsutdanning som heiltidsutdanning. Begge desse endringane forutset at de følgjer same utdanningsform, og at utdanninga elles er i samsvar med akkrediteringa og krava til fagskuleutdanning.

### **De må rapportere til Statistisk sentralbyrå og DBH Fagskolestatistikk**

Statistisk sentralbyrå (SSB) vil tildele denne utdanninga ein NUS-kode. De skal bruke koden når de rapporterer om utdanninga til SSB og til DBH Fagskolestatistikk.

## 2 Gjennomgang av krava for fagskoleutdanning

Når vi går gjennom krava fører vi først opp kravet vi har vurdert dokumentasjonen opp mot. Etter dette kjem vurderinga til NOKUT.

### 2.1 Namnet til utdanninga

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå fagskoletilsynsforskriften § 2-1:

«Utdanningen skal ha

a. et dekkende navn.»

#### Vurderinga til NOKUT:

Namnet er ikkje dekkjande for utdanninga, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-1 tredje avsnitt bokstav a. Årsaka er at utdanninga er langt breiare enn det namnet tilseier. Det er difor ikkje samsvar mellom namn og innhald i utdanninga. De må endre namnet slik at det er dekkjande for innhaldet i utdanninga.

Utdanninga har ifølge søknaden namnet *Tradisjonsysting*. Namnet dekkjer både at utdanninga skal handle om ysting, og dei tradisjonelle og historiske aspekta ved ysting.

I søknaden skildrar de utdanninga som

ei utdanning meint for dei som skal starte eiga verksemd med lokal foredling av mjølk, dei som skal overta drifta av ei slik bedrift og dei som ønsker seg ei utdanning for å bli arbeidstakar i ei slik bedrift

Namnet på utdanninga signaliserer ikkje at utdanninga skal handle om styring av verksemd, marknadsføring, bedriftsøkonomi eller drift. Utdanninga inneheld teori om produksjon av rømme, smør, yoghurt og surmjølk, og dette speglast heller ikkje i namnet. På bakgrunn av dette er namnet misvisande for studentar, arbeidsgjevarar og samfunnet elles, og det kommuniserer ikkje kva utdanninga faktisk inneheld.

De må endre namnet slik at det er dekkjande for innhaldet i utdanninga. Dette kan de gjere ved å gje utdanninga eit nytt namn, eller til dømes leggje til en undertittel som får fram aspekt som verdiskaping eller arbeid i lokal handverksverksemd.

### 2.2 Faginnhaldet og strukturen til utdanninga

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå fagskoletilsynsforskriften § 2-1:

«Utdanningen skal ha [...]

b. et faginnhold og en struktur som er egnet til at studentene kan oppnå læringsutbyttet.»

## Vurderinga til NOKUT:

Faginnhaldet og strukturen til utdanninga er eigna til at studentane kan nå læringsutbytet som er oppgitt, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-1 tredje avsnitt bokstav b. Kravet er difor oppfylt. Vi tilrår like fullt at de tilpassar innføringsemnet til det breie opptaksgrunnlaget eller fastset eit smalare opptakskrav. Vi har og nokon tilrådingar til vidareutvikling av utdanninga under.

Utdanninga er bygd opp av fem emne:

- Mjølkeforedling og grunnleggjande produksjon - innføring, 21 studiepoeng
- Marknadsføring, 9 studiepoeng
- Mjølkeforedling – utdjuping i kvalitetsarbeid, 13 studiepoeng
- Bedriftsøkonomi – Økonomistyring, 7 studiepoeng
- Hovudprosjekt, 10 studiepoeng

Desse emna skal til saman gje studentane kunnskap om:

- utval og kontroll av råvarer
- teknologi for framstilling av mange ulike produkt som er relevante for lokal foredling
- kvalitetsstyring
- marknadsføring og økonomistyring

Dette meiner vi at emna gjer. Strukturen gjev òg ein progresjon i faginnhaldet som er eigna til at studentane kan nå det læringsutbytet som er oppgitt. Under har vi likevel nokon tilrådingar til vidareutvikling.

Vi ser at to av temaa i innføringsemnet introduserer stoff som emnet *Mjølkeforedling – utdjuping i kvalitetsarbeid* byggjer vidare på. Resten av innføringsemnet tek føre seg grunnleggjande sider ved det å foredle mjølk med tradisjonelle teknikkar, slik som prinsipp for hygiene og kunnskap om og produksjon av ulike produkttypar. Mjølkeforedling er ikkje godt dekkja i nokon av utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring, og opptakskravet til utdanninga dekkjer difor et breiare spekter av fag-, sveinebrev og yrkeskompetanser. Eit innføringsemne i utdanninga bør difor byggje på dei ulike startkompetansane studentane har og føre dei til eit felles nivå dei kan byggje vidare på, både i utdanninga og i vidare yrkesutøving. Vi vurderer det difor slik at de bør tilpasse innføringsemnet til det breie opptaksgrunnlaget. Alternativt kan de vurdere å fastsette eit smalare opptakskrav.

Temaet produktutvikling er oppført i to av emna. Det er noko uklårt om dette gjeld produktutvikling generelt, eller om det eit meir avgrensa tema i samband med syrekultur. Dersom produktutvikling er eit sentralt tema, må det òg speglast i læringsutbyteskildringa. Vi legg til grunn at produktutvikling ikkje er eit sentralt tema, fordi det tek liten plass i emna, og vurderer difor at kravet er oppfylt sjølv om produktutvikling ikkje er nemnd i det overordna læringsutbytet for utdanninga.

Det overordna læringsutbytet frå NKR «*kan kartlegge en situasjon og identifisere faglige problemstillinger og behov for iverksetting av tiltak*» er lite dekkja i

emneskildringane, og vi tilrår at de i større grad synleggjer dette i faginnhaldet til utdanninga.

## 2.3 Samarbeid med aktørar i yrkesfeltet

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå fagskoletilsynsforskriften § 2-1:

«Fagskolen skal samarbeide med aktører i arbeidslivet for å sikre at utdanningens læringsutbytte er relevant for ett eller flere yrkesfelt.»

### Vurderinga til NOKUT:

De har dokumentert eit samarbeid som er tilstrekkeleg for å sikre at læringsutbyttet til utdanninga er relevant for yrkesfeltet, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-1 første avsnitt.

De viser til ei brei kontakt med arbeidslivet og meiner at dette skal vere med på å sikre nærleik til respektive bransjar, samt sikre rett kvalitet og utvikling. De uttrykkjer og eit ynskje om å utdanne studentar tilpassa kompetansebehov i arbeidslivet. For å gjere dette har de mellom anna samarbeidd med Norsk Gardsost. Foreininga skal delfinansiere innleie av ein sentral fagperson som har hovudansvaret for det faglege innhaldet i utdanninga. Leiar og nestleiar i Norsk Gardsost er medlemmar i fagleg råd for studiet Handverksysting.

Dette faglege rådet har ei sentral rolle i å vurdere om utdanninga er i tråd med behovet i næringa. I dette rådet deltek og ein representant for Tine (frå fagavdelinga Ost og Fett i TINE Produksjon). Gjennom møter i fagleg råd og kontakt utanom desse ynskjer de å få oversikt over kva behov den største aktøren innan mjølkeforedling har.

Kontaktpunktet mellom de og samarbeidsaktørar verkar å vere medlemmar i det faglege rådet. Rådet skildrast som å ha en brei fagleg samansetting frå næringslivet, kunnskapsmiljø, fylkeskommunar og universitets- og høgskulesektor, og skal ha gjeve innspel til og deltake i kvalitetssikring av studieplanen. Målet er at kandidatar som har denne utdanninga, vil vere å føretrekkje i næringa. Dette målet skal studieplanen leggje til rette for, med hjelp frå rådet.

Samarbeidsavtalar syner konkrete avtalar med Ost og Fett Produkt (TINE), Norges Bondelag, Norsk Gardsost, Rørosmeieriet AS og Ystebui. Samarbeidet omfattar tittel på utdanninga (ved søknad), studieplan, innhald, vekting av tema og emne (ved søknad og årleg vurdering av innhald), plan for gjennomføring av studiet, marknadsføring av studiet, finansiering av førstegangsgjennomføring (om dette er naudsynt) og å rekruttere kompetente lærarar og sensorar.

## 2.4 Overordna læringsutbyteskildring

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå fagskoleloven § 5:

«Akkreditert fagskoleutdanning skal være i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk»

Frå fagskoletilsynsforskriften § 2-1:

«Utdanningens læringsutbytte skal være utformet i trd med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR), og kvalifikasjonen skal være tilstrekkelig for å utøve yrket.»

### Vurderinga til NOKUT:

Det samla læringsutbyttet er relevant for yrkesfeltet og tilstrekkeleg for å utøve yrket, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-1 andre ledd. Læringsutbyttet gjev ei tilfredsstillande skildring av kunnskap, dugleikar og generell kompetanse som studentane vil oppnå etter fullført utdanning, og er i tråd med NKR, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-1 andre avsnitt, jf. forskrift om NKR og EQF 2 bokstav c.

Læringsutbytteskildringane er godt tilpassa NKR og dekkjer kvalifikasjonane som er oppgitt i rammeverket på nivå 5.1. De har teke utgangspunkt i NKR, men har tilpassa læringsutbytteskildringane til eigenarten i utdanninga. Læringsutbyttet som er skildra er godt tilpassa formålet med utdanninga, som de framstiller slik i søknaden: «ei utdanning meint for dei som skal starte eiga verksemd med lokal foredling av mjølk, dei som skal overta drifta av ei slik bedrift og dei som ønsker seg ei utdanning for å bli arbeidstakar i ei slik bedrift».

Produktutvikling er nemnd i temaa for emna, men er ikkje del av den overordna læringsutbytteskildringa, sjå òg punkt 2.2. Vi har lagt til grunn at produktutvikling ikkje er sentralt i utdanninga, men at det er eit meir generelt tema / ei innføring. Om utdanninga skal dekkje produktutvikling meir i djupna, må de endre den overordna læringsutbytteskildringa. Sjå fagskoletilsynsforskriften § 5-1 om meldeplikt ved endringar i akkrediterte fagskuleutdanningar.

Læringsutbytteskildringane for utdanninga er gjengjevne i vedlegg 1.

## 2.5 Omfang og nivå

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå fagskoleloven § 5:

«[...] Akkreditert fagskoleutdanning skal være i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. [...]»

Frå fagskoletilsynsforskriften § 2-2:

«Utdanningen skal ha et omfang på 30, 60, 90 eller 120 studiepoeng, hvis det ikke er gitt unntak etter fagskoleforskriften § 42.»

**Vurderinga til NOKUT:**

Omfanget og nivået til utdanninga er i samsvar med regelverket, jf. *fagskoleloven* § 5 og *fagskoletilsynsforskriften* §2-2.

Utdanninga har ifølge søknaden eit omfang på 60 studiepoeng, og ligg på nivå 5.1 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring.

**2.6 Internasjonale standardar, konvensjonar og avtalar**

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå fagskoleforskriften § 47:

«NOKUT skal påse at fagskoleutdanningen er i tråd med de internasjonale standarder, konvensjoner og avtaler som Norge er forpliktet til å følge.»

**Vurderinga til NOKUT:**

Kravet er ikkje aktuelt for denne utdanninga.

**2.7 Opptakskrav**

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå fagskoleforskriften § 7:

«Kvalifisering for opptak

(1) Opptak til fagskoleutdanning krever enten relevant fag- eller svennebrev, treårig yrkesfaglig opplæring eller generell studiekompetanse [...] eller tilsvarende realkompetanse.

[...]

(4) Styret selv kan stille spesielle opptakskrav som er relevante for fagskoleutdanningen. [...]

(5) Styret selv kan i tillegg stille opptakskrav om fullført og bestått fagskoleutdanning til fagskoleutdanningen. [...]

**Vurderinga til NOKUT**

Opptakskravet er i samsvar med regelverket, jf. *fagskoleforskriften* § 7.

Det generelle grunnlaget for opptak er:

Fullført og bestått vidaregåande opplæring som følgjer:

- Yrkeskompetanse: Agronom
- Fagbrev: Gartnar
- Sveinebrev: Baker
- Sveinebrev: Konditor

- Fagbrev: Ernæringskokk
- Fagbrev: Ferskvarehandlar
- Fagbrev: Kokk
- Fagbrev: Servitør
- Fagbrev: Industriell matproduksjon
- Sveinebrev: Kjøttskjærer
- Sveinebrev: Pølsemakar
- Fagbrev: Fagarbeidar, sjømatproduksjon
- Sveinebrev: Slaktar
- Naturbruk (studieforberedande) med vg2 landbruk og gartnar.

For avgjersle om opptak på grunnlag av realkompetanse viser de til forskrift om høgare yrkesfagleg utdanning ved Fagskulen i Sogn og Fjordane § 2-8. I forskrifta opplyser de at opptak på grunnlag av realkompetanse krev at søkaren fyller minimum 23 år i opptaksåret. Dette er i tråd med *fagskoleloven* § 16 andre avsnitt. De gjev og informasjon om realkompetansevurdering i tråd med regelverket i *fagskoleforskriften*.

Når vi vurderer opptakskravet legg vi vekt på at de skildrar utdanninga som «ei utdanning meint for dei som skal starte eiga verksemd med lokal foredling av mjølk, dei som skal overta drifta av ei slik bedrift og dei som ønsker seg ei utdanning for å bli arbeidstakar i ei slik bedrift»

Alle dei nemnde fag- og sveinebrev, med unntak av agronom, gartnar og naturbruk med vg2 landbruk og gartnar, har felles første år, fleire felles fag andre år, og vil etter vår vurdering gje eit godt grunnlag for opptak, og er relevante for utdanninga.

Vi vurderer likevel at fag- eller sveinebrev for agronom, gartnar og naturbruk med vg2 landbruk og gartnar vil vere eit godt grunnlag for opptak. Dette byggjer vi på at studieplanen til desse retningane har fleire element som er felles med matfagretninga. Sjølv om desse retningane ikkje er direkte matfaglege, vurderer vi at studentane har eit godt nok grunnlag til å nå læringsutbyttet for utdanninga. Vi ser de difor rom relevante for utdanninga. Sjå likevel tilrådinga vår i 2.2 om å gi eit innføringsemne.

## 2.8 Politiattest

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå fagskoleloven § 27:

«I utdanningar der studenter kan komme i kontakt med mindreårige som del av klinisk undervisning eller praksisstudier, kan fagskolen bestemme at studentene skal legge frem politiattest som omtalt i politiregisterloven § 39 første ledd. Fagskolen kan kreve politiattest ved opptak eller underveis i slike utdanningar.

Hvis det er gitt særlige regler om politiattest for bestemte typer arbeid, gjelder disse reglene tilsvarende for studenter som deltar i praksisstudier eller klinisk undervisning. [...]

**Vurderinga til NOKUT:**

Kravet er ikkje aktuelt for denne utdanninga.

**2.9 Skikkavurdering**

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå fagskoleforskriften § 26:

«En skikkethetsvurdering skal avdekke om studenten har de nødvendige forutsetningene for å kunne utøve yrket. En student som i utdanningen eller i fremtidig yrkesutøvelse kan utgjøre fare for liv, fysisk og/eller psykisk helse, rettigheter og sikkerhet til barn, unge eller voksne i sårbare situasjoner, er ikke skikket for yrket.»

**Vurderinga til NOKUT:**

Kravet er ikkje aktuelt for denne utdanninga.

**2.10 Fagmiljø og sensorar****2.10.1 Fagmiljøet som er tilknytt utdanninga – storleik og kravspesifikasjon**

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå fagskoletilsynsforskriften § 2-3:

«Fagmiljøets størrelse og kompetanse skal stå i forhold til antallet studenter og utdanningens innhold og egenart. I fagmiljøet skal det finnes personer med utdanning minst på fagskolenivå, utdanningsfaglig kompetanse og oppdatert yrkeserfaring.

[...]

Fagskolen skal fastsette egne krav til fagmiljøets størrelse, kompetanse og sammensetning. [...]»

**Vurderinga til NOKUT:**

Fagmiljøet som er skildra oppfyller krav i regelverket til storleik og kompetanse, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-3 første avsnitt. Dei samla krava til formell kompetanse (utdanning) de har fastsett er relevante. Dei sikrar eit fagmiljø med ein storleik og kompetanse som er tilpassa utdanninga sitt innhald og eigenart, som er tilpassa talet på studentar. Vidare sikrar krava eit fagmiljø med utdanning på fagskolenivå eller høgare, utdanningsfagleg kompetanse og oppdatert yrkeserfaring, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-3 første avsnitt. Vi tilrår likevel at de styrker den nettpedagogiske kompetansen til fagmiljøet med tanke på eigenarten til utdanninga, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-3 første avsnitt. I denne samanhengen består eigenarten i at utdanninga er nettbasert

med samlingar. Av same grunn tilrår vi at de spesifiserer kva de legg i «relevant nettpedagogisk kompetanse» i krava de sjølve har fastsett.

De har fastsett krav både til fagmiljøet samla, og til faglærarar for det enkelte emnet. I tillegg har de fastsett krav til fagleg ansvarleg, utdanningsfagleg, eksterne og sensor, som vi vurderer under punkt 2.10.2, 2.10.3 og 2.10.4.

### **Utdanning på fagskulenivå eller høgare**

De har fastsett krav om at alle faglærarar innan mjølkeforedlingsemna og hovudprosjektet har «utdanning på bachelornivå innan landbruksfag og 3 års relevant yrkeserfaring». For emna i marknadsføring og økonomi er kravet «Utdanning på bachelornivå innan økonomi/marknadsføring eller økonomi/marknadsføring frå landbruksfag og 3 års relevant yrkeserfaring». I tillegg har de fastsett generelle tilleggskrav til faglærarar og sensorar:<sup>1</sup>:

Minst fagbrev eller svennebrev fra eit eller fleire programområder som danner grunnlag for opptak til utdanninga. Minst relevant høgare utdanning innan meierifag/matfag. Relevant praktisk erfaring med arbeid innan meierifag/matfag.

Og / eller

Ingeniør (bachelor eller master) i fagområder som beskrevet som gir opptak til utdanningen. Relevant praktisk erfaring med arbeid innan meieri og matfag.

### **Utdanningsfagleg kompetanse**

I tilleggskrava går det òg fram at de har fastsett krav om det vi vurderer som relevant utdanningsfagleg kompetanse:

Det er ønskeleg at undervisningspersonell skal ha PPU utdanning eller tilsvarande. Det vil bli gitt ein frist på 3 år frå tilsetting til at arbeidstakar må ha starta på relevant pedagogisk vidareutdanning.

-Undervisningspersonell må ha relevant nettpedagogisk kompetanse.

Vi har særskild vurdert om det er tilstrekkeleg med ein person i fagmiljøet som har formell nettpedagogisk utdanning, med tanke på eigenarten til utdanninga som nettbasert med samlingar. Vi har her lagt vekt på at fagskulen har få studentar, sjå 2.10.2, og konkluderer med at det er tilstrekkeleg. Vi tilrår likevel at de styrkar den nettpedagogiske kompetansen til fagmiljøet, og at de spesifiserer kva de legg i «relevant nettpedagogisk kompetanse» i krava de sjølve har fastsett.

### **Oppdatert yrkeserfaring**

Når vi ser dei generelle og de spesielle krava de har fastsett i samanheng, ser vi at de har fastsett krav til relevant yrkeserfaring. Kva som utgjør relevant yrkeserfaring gjeng fram av tilleggskrava til faglærarar, sjå over. Vi legg til grunn at de vurderer om

---

<sup>1</sup> Avklart i e-post frå dykk, mottatt 10. juni 2021, NOKUTs dokumentnummer 21/01807-15

yrkeserfaringa er *oppdatert* slik forskriftsbestemminga krev, og/eller at de sikrar dette gjennom kompetanseutviklingstiltaka dykkar, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-3 fjerde avsnitt.

### **Fagmiljøet de har dokumentert i vedlegg**

Det konkrete fagmiljøet de har skildra i oversikta med namngjevne lærekrefter oppfyller både krava i *fagskoletilsynsforskriften* § 2-3 første til tredje avsnitt og krava de sjølve har fastsett, med unntak for utdanningsfagleg ansvarleg. Sjå meir om dette under 2.10.2.

### **Storleiken på fagmiljøet**

10-15 tilsette vil bidra til læringsaktivitetar når utdanninga er i full drift. Dette utgjør 1-2 årsverk, av desse er 1,5 fast tilsette. Utdanninga skal ha inntil 20 studentar, og forholdet mellom årsverk og talet på studentar blir då mellom 1:10 og 1:20. Fagmiljøet som er skildra oppfyller regelverket sitt krav til storleik, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-3.

## **2.10.2 Den utdanningsfaglege ansvarlege**

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå fagskoletilsynsforskriften § 2-3:

«Utdanningen skal ha en [...]

b. utdanningsfaglig ansvarlig med utdanningsfaglig utdanning som har ansvar for å legge til rette for studentenes læring.»

### **Vurderinga til NOKUT:**

Den utdanningsfaglege ansvarlege har relevant utdanningsfagleg utdanning, jf. fagskoletilsynsforskriften § 2-3 andre avsnitt bokstav b. Men personen oppfyller ikkje kompetansekrava de sjølve har fastsett for funksjonen, jf. fagskoletilsynsforskriften § 2-3 fjerde avsnitt. Vi vurderer difor at kravet ikkje er oppfylt. De må sikre at den utdanningsfaglege ansvarlege oppfyller krava de sjølve har fastsett. De kan anten utpeike ein anna person som oppfyller dykkar eigne krav for den utdanningsfaglege ansvarlege, eller de kan endre krava de sjølve fastsett til vedkomande si utdanningsfaglege utdanning.

I søknadsskjemaet oppgjev de at den utdanningsfaglege ansvarlege har følgjande utdanning:

- Grunnfag idrett 1 år
- Grunnfag pedagogikk 1 år
- Mellomfag helsefag og idrettsbiologi 1 år
- Bedriftsøkonom 2 år

- Lederrekrutteringskurs – Oslo kommune 1 år
- Rektorskulen – Oslo kommune 1 år

Kravet i *fagskoletilsynsforskriften* er at den utdanningsfaglege ansvarlege skal ha relevant utdanningsfagleg kompetanse. Det vurderer vi at vedkomande har. Men ifølge kompetansekrava de sjølve har fastsett skal den utdanningsfaglege ansvarlege ha utdanning på bachelornivå innan pedagogikk. Den utdanningsfaglege ansvarlege må oppfylle både krava til fagskoletilsynsforskriften og krava de sjølve har fastsett. Vi vurderer at den utdanningsfaglege ansvarlege ikkje oppfyller krava de sjølve har fastsett. De må sørgje for at den utdanningsfaglege ansvarlege oppfyller dykkar eigne krav til kompetanse. De kan anten utpeike ein anna person som oppfyller dykkar eigne krav for den utdanningsfaglege ansvarlege, eller de kan endre krava dykkar til utdanningsfagleg utdanning. Vi tilrår at de endrar krava de har fastsett, ettersom ei bachelorutdanning i pedagogikk i hovudsak legg vekt på læring og utvikling hjå barn.

De har ført opp at den utdanningsfaglege ansvarlege også er utdanningsfagleg for alle fagskuleutdanningar ved fagskulen, innan tekniske liner, maritime liner og landbruksliner. I søknaden gjeng det fram at vedkomande har ansvar for pedagogisk utvikling på heile fagskulen, utvikling av undervisningspraksis, vurderingsarbeid, nettpedagogikk, den pedagogiske utviklinga til personalet og å gjennomføre refleksjonssamtale i forhold til praksis. NOKUT har tidlegare kommentert at dette står fram som mykje med tanke på kapasiteten til ein person<sup>2</sup>, og at vedkomande «har ansvar for å legge til rette for studentenes læring», jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-3 andre avsnitt bokstav b. I vurderinga av søknaden om akkreditering av *Tradisjonsysting* har vi i samband med dette henta inn data frå DBH Fagskolestatistikk, som syner at fagskulen totalt har hatt rundt 20 studentar per semester frå 2016 til i dag. I lys av studenttalet vurderer vi det som tilstrekkeleg at ein person varetar denne funksjonen for heile fagskulen.

### 2.10.3 Den fagleg ansvarlege

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå fagskoletilsynsforskriften § 2-3:

«Utdanningen skal ha en

a. faglig ansvarlig som har ansvar for utviklingen og gjennomføringen av utdanningen. Den faglig ansvarlige skal ha utdanning som er relevant for utdanningens innhold og egenart, og være ansatt i minst 50 prosent stilling ved fagskolen.»

---

<sup>2</sup> Vi kommenterer kapasiteten for eksempel i det betinga vedtaket vårt om akkreditering av *Havbruksoperasjonar* ved Fagskulen i Sogn og Fjordane av 7. mai i år, NOKUT si sak 21/01809.

### Vurderinga til NOKUT:

Fagleg ansvarleg har fagleg relevant utdanning i tråd med regelverket, og det er dokumentert at vedkomande er tilsett i minimum 50 prosent stilling, jf.

*fagskoletilsynsforskriften* § 2-3 andre ledd bokstav a. Kravet er difor oppfylt. Vi tilrår likevel at de spesifiserer dei krava de fastsett til fagleg ansvarleg for utdanninga, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-3 tredje avsnitt, jf. andre avsnitt bokstav a.

De oppgjev at fagleg ansvarleg ved skulen er tilsett i 50 prosent stilling. Vedkomande har følgjande utdanning som vi ser som relevant for innhaldet og eigenarten til utdanninga:

- Årsstudium økologisk landbruk Høyskolen i Hedmark h2008-v2010 (deltid)
- Cand.agric. næringsmiddelfag NLH h1999-jan2002
- Kjemi og biologi NTNU h1996-v1999

I tillegg har ho uformell kompetanse gjennom ystekurs og studieturar, og har blant annet undervist på vg3 foredling og på ystekurs gjennom fleire år.

Krava de stiller til fagleg ansvarleg er:

- Utdanning på relevant bachelornivå
- Minst 3 års relevant yrkeserfaring

Vi legg til grunn at kva som er relevant utdanning og yrkeserfaring vil vere tilsvarende for fagleg ansvarleg som for fagmiljøet som heilskap, jf. 2.10.1. Vi tilrår likevel at de spesifiserer dei krava de sjølve har fastsett for fagleg ansvarleg ytterlegare.

### 2.10.4 Kompetansen til sensorane

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå *fagskoletilsynsforskriften* § 2-5:

«Sensorene skal ha kompetanse til å vurdere om studenten har oppnådd læringsutbyttet for emnet eller utdanningen.»

### Vurderinga til NOKUT:

Sensorane har tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere om studenten har oppnådd læringsutbyttet for emnet eller utdanninga, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 2-5. Kravet er difor oppfylt. Vi tilrår likevel at de fastsett krav som tydelegare sikrar at sensorane har vurderingskompetanse knytt til det spesifikke læringsutbyttet. Dette vil være særleg aktuelt for eksterne sensorar, medan interne sensorar ofte vil ha denne kompetansen. Vi legg til grunn at de i dag varetar dette gjennom sensurrettleiing og liknande.

De opplyser i kravspesifikasjonen at sensorane har eller skal ha same kompetanse som faglærarar. Vi har gjengjeve desse krava i kapittel 2.10.1.

### **2.10.5 Kompetansen til praksisrettleiarane**

Vi har vurdert dokumentasjonen opp mot følgjande krav:

Frå fagskoletilsynsforskriften § 2-4:

«Eksterne praksisveiledere skal ha kompetanse til å veilede og vurdere studentene i praksis.»

#### **Vurderinga til NOKUT:**

Kravet er ikkje aktuelt for denne utdanninga.

### 3 Vedlegg 1: Læringsutbyteskildringar

#### Overordna læringsutbyteskildringar henta frå søknadsskjema

##### Kunnskap

###### Kandidaten:

- har kunnskap om råvarer, produksjonsprosessar og problemløysing ved vidareforedling av mjølk
- har innsikt i regelverk og retningslinjer som sikrar kvalitet og mattryggleik til handverksmessig framstilte mjølkeprodukt
- har kunnskap om bedriftsøkonomi, verdiskaping og relevante verktøy som anvendes innan økonomistyring og marknadsetablering
- kan oppdatere den yrkesfaglege kunnskapen sin innan foredling av mjølk og marknadsføring av mjølkeprodukt
- har kunnskap om matvarebransjen i Norge og forstår kva rolle lokalprodusert mat har i eit samfunns- og verdiskapingsperspektiv

##### Ferdigheiter

###### Kandidaten:

- kan anvende fagleg kunnskap om råvarer og produksjonsprosessar for å framstille produkt innanfor krava i regelverket
- kan finne fram til relevante reguleringar og informasjon om lokalmatmarknaden og bransjen
- kan velje ut og anvende råvarer, utstyr, metodar og emballasje for å utvikle prosessar og produkt som stettar krava i marknaden og frå myndigheitene og dei økonomiske behova i verksemda

##### Generell kompetanse

###### Kandidaten:

- kan utføre produksjon, marknadsføring og sal i tråd med dei kvalitetsmessige krava og etiske forventningane samfunnet har til lokalmatbransjen
- kan bygge relasjonar, kommunisere og samarbeide med leverandørar av varer og tenester, andre lokalmatprodusentar og kundegruppene i verdikjeda fram til sluttbrukaren

## 4 Vedlegg 2: Sakkunnige

NOKUT skal vurdera om søknaden oppfyller krava til akkreditering av fagskoleutdanning, jf. *fagskoleloven* med forskrifter.

NOKUT oppnemner sakkunnige som skal vurdera krava i samarbeid med saksbehandlarane til NOKUT, og har stilt krav til kompetansen til dei sakkunnige, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 5-3 første og andre avsnitt.

Til vurderinga av denne søknaden har NOKUT oppnemnd eit sakkunnig panel med desse medlemmane:

- **Førsteamanuensis Olga Gjerald, Universitetet i Stavanger (UiS) (panelleder)**  
Gjerald er førsteamanuensis i serviceleiing ved Norsk hotellhøgskole, UiS. Ho avla sin ph.d. ved UiS i 2010 med avhandlinga «Basic assumptions of service employees: Influence on employee job outcomes». Gjerald har mastergrad i reiseliv frå Høgskolen i Finnmark, i tillegg til årsstudium i marknadsføring frå Høgskolen i Harstad. Ho har og høgare utdanning innan pedagogikk og språkvitskap frå Murmansk. Før Gjerald gjekk over til akademien, arbeidde ho i reise- og hotellbransjen i ei årrekke, som vert, guide, tolk, prosjektkoordinator og salgs- og marknadsansvarleg. Gjerald har erfaring som sakkunnig for NOKUT. Ho leiar dette panelet.
- **Rådgjevar Béatrice Vromant-Berg, Nordre Follo kommune**  
Vromant-Berg er utdanna økonom og karriererettleiar. Ho har tidlegare jobba med å administrere lærlingeordninga til Ski kommune. Vidare har ho jobba som HR-rådgjevar med oppfølging av verksemdar i personalspørsmål, leiar- og medarbeidarutvikling. Ho er no rådgjevar i HR i Nordre Follo innan omstilling, HMS og leiarutvikling. Vromant-Berg har erfaring som sakkunnig for NOKUT.
- **Medlem av hovudstyret i ONF, Thea Tuset**  
Tuset er medlem av hovudstyret i ONF – *Organisasjonen for norske fagskolestudenter*. Ho er óg ein av to representantar frå ONF i Nasjonalt Fagskoleråd. Tuset har studert ved Einar Granum kunstfagskole, der ho satt i studentrådet i perioden 2017–2019, og var med i arrangementskomiteen for Granumfestivalen 2018 og 2019. Tuset har vore sakkunnig for NOKUT i ein søknad om fagområdeakkreditering, og har delteke i panel av sakkunnige som vurderar søknadar om akkreditering av fagskoleutdanning.
- **Professor Gunnar Eriksen, Det juridiske fakultet, UiT Norges arktiske universitet**  
Eriksen har jobba med studieleiing og studiekvalitet sidan tidleg på 1990-talet. Eksamensarbeidet på kurset for pedagogisk basiskompetanse i 1993 dreidde

seg om studieførebuande tiltak på det dåverande *Institutt for Rettsvitenskap*. Han har sidan då jobba samanhengande med studieleiing og studiekvalitet. Som studieleiar har han anten vore årseiningsansvarleg, leiar for Studieutvalet eller prodekan for utdanning. Det siste i to periodar, 2007-2009 og 2015-2018, der han og var medlem i strategisk utdanningsutval ved UiT. Han har vurdert pedagogiske mapper i ei årrekke og delteke i eit sakkunnig utval som har vurdert forbetringar i kurspakka for pedagogisk basiskompetanse. Han har og vore medlem og varamedlem i *Førstelektorutvalget* ved UiT sidan oppstarten av dette organet etter fusjonen med Høgskolen i Tromsø. I tillegg har han delteke i arbeidet med kvalitetsreforma av 2004, og seinare arbeid med studieplanar og emneskildringar. Han har òg delteke i arbeid med nasjonale læreplanar for vidaregåande utdanning. Han har leia og leier utdanningskvalitetsprosjekt støtta av midlar frå UiT si strategiske satsing på utdanningskvalitet, avdelingsleiarprosjektet i 2017-2018 og forskerlineprosjektet 2019-2020 som er ein arbeidspakke i Fyrtårnsprosjekt II ved det juridiske fakultet. Han fekk UiT sin utdanningspris i 2018. Forskingsinteressa til Eriksen har hatt tyngdepunkt på tingsrett og rettshistorie, og han disputerte for graden dr. juris i 2007 med avhandlinga «alders tids bruk». Eriksen har vore sakkunnig for NOKUT ved fleire søknadar om akkreditering av fagskoleutdanning.

I tillegg har NOKUT innhenta ein uttale frå ein sakkunnig fagperson:

- **Pensjonist frå Trondheim fagskole, Arne Brenden**

Brenden har ein bachelor i Matteknologi frå NTNU (tidlegare Statens næringsmiddeltekniske skole), leiing- og personalarbeid, 60 studiepoeng frå Nord universitet (tidlegare Levanger lærerhøgskole), pedagogisk utdanning frå Nord universitet (Levanger lærerhøgskole) og Produkt- og forretningsutvikling, 12 studiepoeng frå Høgskolen i Østfold. Brenden jobba i 14 år på Nidar sjokoladefabrikk (1977-1991). Her var han blant anna avdelingsleiar i produksjonen i 10 år og arbeidde med produksjonsplanlegging, drift, innkjøp av maskiner og utstyr, kvalitetsstyring og produksjonsutvikling. Han har vidare vore lærar ved Ørland meieriskole (1991-2000) her underviste han i kjemi, mikrobiologi, hygiene/trygg matproduksjon og laboratoriearbeid. I denne perioden bygde skulen opp eit småskala meieri (treningsmeieri), som Brenden var med på. Her underviste han i ysting av ymse ostetypar, og dei fleste andre meieriprodukt. Brenden hadde eit års vikariat ved Matteknologisk utdanning ved Høgskolen i Sør-Trøndelag (2000-2001). Her hadde han stort sett dei same faga som på meieriskulen. Frå 2001 til han pensjonerte seg i 2019 jobba Brenden på Trondheim fagskole. Her starta han opp eit nytt tilbod, nettstøtta og samlingsbasert utdanning i Matteknologi (no Matteknikk) etter ynskje frå TINE, hausten 2002. Han var koordinator for og lærar ved denne utdanninga fram til 2013. Han tok då over som avdelingsleiar ved skulen, med ansvar for drift av heile skulen, ca. 250 studentar og 20 årsverk. Han heldt i tillegg mange kurs for småskalaprodusentar over ei periode på 5 – 6 år, grunnleggjande kurs i produksjon av rømme, smør, kremost og yoghurt. Han var og matkontakt for

matnavet på Mære landbruksskole ei periode, og var i denne perioden med på mange samlingar og heldt innlegg på kurs i regi av Mære.

Sakkunnige skal ikkje ha oppgåver ved fagskulen eller ha andre tilknytingar til fagskulen som kan føre med seg inhabilitet, jf. forvaltningslova § 6. Dei sakkunnige har erklært at dei er habile i saka.

Søkarinstitusjonen har fått mogelegheit til å uttale seg om NOKUT sitt forslag til sakkunnige, jf. *fagskoletilsynsforskriften* § 5-3 fjerde avsnitt.



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578,1327 LYSAKER | T: 21 02 18 00 | [NOKUT.NO](https://nokut.no)